Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 41/16

Sak nr.: 2016/3819

Møte: 20.04.2016

UTLYSNING - PROFESSOR/FØRSTEAMANUENSIS (100 %) I KLINISK ERNÆRING VED KLINISK INSTITUTT 1

Klinisk institutt 1 ber i brev av 05.04.2016 om å få lyse ut en fast stilling som professor/førsteamanuensis (100 %) i klinisk ernæring.

Stillingen er nyopprettet og finansieres av grunnbevilgningen gjennom omdisponering av eksisterende ramme og økning av antall studieplasser ernæring.

Av hensyn til forskning, undervisning og veiledning innenfor fagfeltet klinisk ernæring, ber instituttet om å få lyse ut stillingen.

Stillingen vil innebære pasientkontakt. Derfor utlyses stillingen bare på norsk.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Styret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtar å lyse ut en fast stilling som professor/førsteamanuensis (100 %) i klinisk ernæring ved Klinisk institutt 1.

2. Det forutsettes at Klinisk institutt 1 har budsjettmessig dekning for stillingen innenfor egen budsjettramme.

3. Dekan får fullmakt til å foreta endringer i samsvar med gjeldende standard for utlysning og stillingsomtale.

Inger Hjeldnes Senneseth
fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
seksjonsleder rekruttering

06.04.2016 /IVØI

Vedlegg: Anmodningsbrev fra Klinisk institutt 1 av 05.04.2016
Utlysningstekst og stillingsomtale på norsk

UNIVERSITETET I BERGEN
Klinisk institutt 1

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse	Dato
2016/3819-IVØI	05.04.2016

Ber om utlysning av stilling som professor/førsteamanuensis (100 %) i klinisk ernæring ved Klinisk institutt 1

Klinisk institutt 1 ber om at det lyses ut en fast stilling som professor/førsteamanuensis (100 %) i klinisk ernæring. Stillingen er nyopprettet og finansieres av grunnbevilgningen gjennom omdisponering av eksisterende ramme og økning av antall studieplasser ernæring.

Stillingen vil innebære pasientkontakt. Derfor utlyses stillingen bare på norsk.

Av hensyn til forskning, undervisning og veiledning innenfor fagfeltet klinisk ernæring, ber vi om at stillingen blir lyst ut.

Vi ber om at stillingen lyses ut i vanlige utlysningskanaler.

Vedlagt følger utlysningstekst og stillingsomtale på norsk.

Med vennlig hilsen

Nils Erik Gilhus
instituttleder

Jorunn Skei
administrasjonssjef

Vedlegg

Klinisk institutt 1	Postadresse	Besøksadresse	Saksbehandler
Telefon	Postboks 7804 5020 BERGEN	Jonas Lies vei 79 Bergen	Ivar Øiestad 55582550

Professor/førsteamanuensis (100 %) i klinisk ernæring ved Klinisk institutt 1

Ved Universitetet i Bergen, Det medisinsk-odontologiske fakultet, Klinisk institutt 1,er det ledig ei fast stilling som professor (100 %) i klinisk ernæring. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det verte tilsett førsteamanuensis. Arbeidsstad er ved campus Haukeland Universitetssjukehus i Bergen.

Stillinga skal vere knytt til forskings- og undervisningsmiljøet innan ernæring ved instituttet, og det nyoppretta Senter for ernæring. For interesserte søkjarar vil det vere mogeleg å forhandle om bistilling ved Avdeling for ernæring, Haukeland universitetssjukehus.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, finn du lenger ned på sida.

Utfyllande opplysningar om stillinga får ein ved å kontakte instituttleiar, professor Nils Erik Gilhus, tlf.: 55 97 50 45, e-post: nils.gilhus@uib.no

Kvalifikasjonar

- Søkjarar må ha utdanning og autorisasjon (moglegheit til å søke autorisasjon) innan klinisk ernæringsfysiologi og erfaring frå fagfeltet
- Søkjarar må ha norsk ph.d.-grad i relevant fagområde eller tilsvarande kompetanse
- Det vil verte lagt vekt på evne til å skape forskingsmiljø gjennom nettverksbygging lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- Det vil verte lagt vekt på evne til å få fram eigne forskingsmidlar
- Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som blir tilsett, vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing

Den som vert tilsett skal undervise i klinisk ernæring for bachelor- og masterstudentar. Anna relevant undervisning kan verte pålagt.

Forskingsarbeidet skal gå føre seg i ei at dei etablerte forskingsgruppene ved institusjonen. Det vert lagt vekt på erfaring med leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet, samt frå forskingsstrategisk arbeid. Vidare vert det lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Undervisingsspråket er til vanleg norsk. Det vert kravd at den som vert tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga. Kurs vert tilbode.

Løn

Professor vert lønt etter lønssteg 72-75 (kode 1013) i lønsregulativet til staten, for tida 640 700 - 676 800 kr brutto for pr. år for ei fulltidsstilling. Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 59-62 (kode 1011/lønsramme 24.3-24.6) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing, for tida 501 300 - 529 800 kr brutto pr. år for ei fulltidsstilling, og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Det vert trekt 2 % pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Vi kan tilby

- eit godt og internasjonalt arbeidsmiljø og spanande arbeidsoppgåver i eit fakultet med fagmiljø som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt

- faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling
- god pensjonsordning i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)

Du kan lese meir om kva Universitetet i Bergen kan tilby som arbeidsgivar ved å gå inn på nettsida: http://www.uib.no/poa/74687/hva-kan-universitetet-tilby-sine-medarbeidere

Retningsliner
Den som vert tilsett pliktar å ta del i undervising og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad
Slik søkjer du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.
Legg ved:

- CV
- vitnemål
- attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- ei liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde
- **vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 15 for professor og maks 10 for førsteamanuensis)**

Det er særs viktig at kvart av dei vitskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørgje for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Ein viser elles til «Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger».

Søknadsfrist:

Stillingsomtale

Professor/ førsteamanuensis (100 %) i klinisk ernæring ved Klinisk institutt 1

Ved Universitetet i Bergen, Klinisk institutt 1, er det ledig ei fast stilling som professor (100 %) i klinisk ernæring. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det verte tilsett førsteamanuensis. Arbeidsstad er ved campus Haukeland universitetssjukehus, Bergen.

Det er nyleg oppretta eit eige Senter for ernæring ved instituttet. Det er eit krav om utdanning og erfaring innan fagfeltet klinisk ernæringsfysiologi.

Klinisk institutt 1 er eitt av fem institutt under Det medisinsk-odontologiske fakultet. Til instituttet høyrer for tida 42 faste vitskapleg årsverk og 38 faste tekniske og administrativt årsverk. Instituttet har omlag 10 postdoktorar, 140 stipendiatar/doktorgradskandidatar og 45 mastergradsstudentar. Dei tilsette er organisert i 11 seksjonar, og med eigen undervisningsavdeling og administrasjon. Instituttet har eit nært samarbeid med Haukeland universitetssjukehus, og omkring forsking og utdanning innan ernæring. For den som tilsetjast vil det vere mogeleg å forhandle med sjukehuset om ein bistilling knytt til Avdeling for ernæring.

Instituttet har ansvar for utdanninga i klinisk ernæring og i human ernæring på bachelor- og masternivå. Instituttet har likeeins eit omfattande undervisningsansvar i profesjonsstudiet i medisin, samt i fleire masterprogram.

Forsking og undervisning ved instituttet omfattar eit breitt spekter av disiplinar innan medisin og ernæring. Forskinga ved instituttet er organisert innan forskingsgrupper. Forskingsaktiviteten er i stor grad prosjektstyrt og er innretta mot det humanmedisinske fagfeltet.

Den som vert tilsett skal inngå i ei av dei eksisterande forskingsgruppene ved instituttet. Den som vert tilsett, må ha norsk doktorgrad i relevant fagfalt eller tilsvarande kompetanse.

Den som blir tilsett skal delta i undervisninga i klinisk ernæring, og rettleie mastergradstudentar og doktorgradskandidatar. Den som blir tilsett kan òg bli pålagt å delta i instituttet si generelle undervisning, i utval og i arbeid på instituttet elles.

Det vert lagt vekt på erfaring med leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet, samt frå forskingsstrategisk arbeid. Vidare vil det verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid både i forsking, koordinering og rettleiing.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det blir kravd at den som blir tilsett kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Den som blir tilsett må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjing, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistrar eit skandinavisk språk.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som blir tilsett også bli pålagt undervisning, rettleiing og

eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan ein til dømes gjere ved å sende inn:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjinga går føre seg på grunnlag av vurdering av ei vitskapeleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju og eventuell prøving av undervisningskompetanse.